



Trygve Leite ( 38 år ) er i dag proff pokerspelar på høgt internasjonalt nivå.

**VG nett har i dag eit større artikkel om Trygve Leite frå Uskedalen som i 2017 sa opp jobben sin, selde leilegheten og valde å satsa på internasjonalt pokerspel der Las Vegas og den stor verda er jobblassen. Trygve Leite er 38 år og var tidlegare proff sandvollyballspelar.**

Trygve Leite fortel til VG nett at han ikkje har angra på avgjerda om å bli pokerspelar på heiltid. Målet hans er å vinna ei VM turnering til sommaren. I 2019 spelte han inn om lag 1,4 mill.kr. brutto. Til fråtrekk kjem kostnader med reise, hotell og påmeldingar.

Leite spelte 200 tuneringar 2019, berre sju av dei førte han til topplassering. 37 gonger fekk han pengepremie. Pengar er ikkje hovudmotivasjonen, men det å prestera og utøva interessa si, som på mange måtar er ein lidenskap. Han lever draumelivet sitt. Det er ikkje noko A4 liv. Berre 5 % av alle pokerspelarar lever av spelet. Dei fleste gir opp.

Trygve Leite er besvisst på kva han driv med. Han må tenkja finansiell trygghet, Mellom anna ved å setja av pengar til pensjon og forsikring. Det er eit trongt nålauka å slå gjennom som pokerspelar. Det som starta som ein hobby, er no alvor med store tuneringar 12 timar kvar dag. Det krevt konsentrasjon, fokus, analyse og mental styrke.

I Noreg er pokerspel berre delvis legalisert. Spelet føregår i private lag og med eit årleg NM. Det kan bli ei endring på sikt der ein kan få driva med det som mange ser på, som ein inkluderande hobby.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Faksimile frå VG nett, foto: Aylar Lie